

Frå: Kontrollkomiteen  
Til: Attac Norges landsmøte 2020

### **Rapport frå kontrollkomiteen**

Kontrollkomiteen har sidan landsmøtet i 2019 vore sett saman av Mads Opheim (leiar) og Espen Emil Thygesen, med Stine Østnor som vara. Komiteen har fortløpande fått kopi av all e-post på styrelista, inkludert innkallingar til og referat frå styremøta. Komiteen har følgd tidlegare års praksis med å inkludere vara i arbeidet på lik linje med dei faste medlemmene.

Styret har i løpet av perioden gjort uvanleg mange vedtak over e-post. Dette er ein prosess som ikkje gir rom for debatt, diskusjon og vurderingar som ein har ved vanleg behandling. Vi erkjenner at det unntaksvis kjem saker som krev rask behandling og at epostbehandling i desse høva kan vera nyttig. Vår vurdering er at behovet for e-post-vedtak i perioden primært har komme når styret har vore dårleg førebudde eller har gløymt å gjera vedtak. Eksempelvis vart eit såpass viktig dokument som styrets innstilling til arbeidsplan vedtatt per epost.

Komiteen har bistått kontoret med vurdering av varslingsrutinar, som dernest har vorte handsama og vedteke i styret. Her vil vi gi ros til kontoret for proaktiv involvering av kontrollkomiteen og godt samarbeid under med oss under vidareutviklinga av framlegget.

Vi har merka oss at praksisen med utsending av referat frå styremøta, i henhold til vedtektenes §6.2, har variert i løpet av perioden. Ikkje alle referat er sende ut til organisasjonen på forventa ryddige og systematiske vis, noko som er uheldig. Rutinemessig utsending av referat innan rimeleg tid lar organisasjonen halde seg oppdatert på kva som skjer i styret, og det fungerer også som eit disiplinierende tiltak og eit hjelpemiddel for styret i dets arbeid mellom styremøta. Kontrollkomiteen forventar at rutine rundt dette blir tydelegare og tettare følgd i kommande periode.

Komiteen har også bistått valkomiteen i tolking av vedtektene rundt antal vara til kontrollkomiteen. Vedtektene er utydelege på dette feltet, så vi ga vår tolking til valkomiteen.

I opptakta til landsmøtet braut Covid-19-epidemien (corona) ut, noko som sette heile landet og følgjeleg også Attac-leiinga i ei slags unntakstilstand, noko som medførte at landsmøtet tre dagar før planlagt oppstart vart endra frå to-dagars til eindags, dagen etter vart det ytterlegare korta ned og dernest avlyst. Som komiteen har oppfatta det er dette avgjersler som vart teke av kontoret utan konsultasjon eller vedtak verken med kontrollkomiteen eller styret.

Dette er sjølvstøtt særst uheldig. Samtidig er det vanskeleg å klandre kontoret for å handle raskt og vera på ballen i ein så uføreseieleg og uventa situasjon, der situasjonen i samfunnet generelt har endra seg såpass raskt.

Komiteen har følgd med også i perioden fram mot det ekstraordinære landsmøtet. Vårt inntrykk er at det nye styret har takla ein krevjande situasjon på ein udramatisk og god måte.